

**BY- OG REGIONFORSKNINGEN**

**ØNSKT  
URBANISERINGSGRAD  
AV BOSTAD**

**RESULTAT FRÅ BOSTAD-  
UNDERSØKINGA 1967**

**AV ERLING BERGE**

**RAPPORT 19**

# ØNSKT URBANISERINGSGRAD AV BOSTAD

RESULTAT FRÅ BOSTAD-  
UNDERSØKINGA 1967

AV ERLING BERGE



*Erling Berge, f. 1946. Cand. mag. ved Universitetet i Bergen 1969 med fagene matematikk og sosiologi. 1970–1971 ansatt ved Sosiologisk institutt, Universitetet i Bergen, 1971– i sosio-demografisk forskningsgruppe ved Statistisk sentralbyrå.*

NORSK INSTITUTT FOR BY- OG  
REGIONFORSKNING  
OSLO 1971

## F O R O R D

I 1969 utarbeidet Erling Berge som assistent for vår sosiolog, magister Arne S. Dolven en arbeidsrapport om nabomiljø og bostadspreferanser. Arkitekt Inge Willumsen deltok også i arbeidet med denne foreløpige rapporten.

Data ble hentet fra Kommunaldepartementets boligundersøkelse i 1967. Tape med data ble utlånt fra Norges byggforskningsinstitutt ved magister Dagfinn Ås.

Berge har senere bearbeidet den siste delen av denne rapporten som mellomfagoppgave ved Universitetet i Bergen. Gjennom bearbeidelsen er stoffet blitt mer konsentrert og lettere tilgjengelig. Instituttet har funnet denne analyse av så alminnelig interesse, at vi har valgt utgi arbeidet i vår rapportserie.

Vi takker Berge og de som har bidratt med data.

Kjelsås, november 1971

*Sven Erik Lundby*  
Sven Erik Lundby

## INNHOLD

Forord	Side
Innhald	
I INNLEIING	1
1.1 Om materialet	1
1.2 Hushaldninga som analyseeininger. Dei to grunnleggande variablane "Ønskt urbaniseringsgrad" og "Urbaniserings- grad av bostad".	4
1.3 Tabelloppsetting og tolking	6
1.4 Litteratur som omhandlar same stoffet.	7
1.4.1 Trafikkundersøkelsen i Vestfold	8
1.4.2 Hægebostad, Klepp og Stavanger	9
1.4.3 Slutning	11
II ANALYSE	12
2.1 Innleiing	12
2.2 Bostadskontekstuelle kontrollvariabler	14
2.3 Sosio-økonomiske kontrollvariabler	23
2.4 Vidare analyse av bybuarane	29
2.5 Meir om enkelte kategoriar storbybuarar	33
2.5.1 Barn i storbyen	33
2.5.2 Betydninga av fritidsareal i storbyen	35
2.6 Samandrag	37
2.7 Summary	39
2.8 Litteraturliste	42

## I INNLEIING

### 1.1. Om materialet

Hausten 1967 vart det av Kommunaldepartementet gjort ein boligundersøkelse i samarbeid med SSB (Statistisk Sentralbyrå), NBI (Norges byggforskningsinstitutt) og NIBR (Norsk institutt for by- og regionforskning). Som eining for analysen valgte ein hushaldet. SSB foretok utvalget og gjennomførte intervjuinga. Dei førebels resultata frå undersøkelsen er komne ut som "Rapport nr. 3 fra kontoret for intervjuundersøkelser" (SSB 1968). (Seinare vil vi referere til denne som "Rapport nr. 3".)

Utvalget var eit to-stegs utvalg. Først sampla ein geografiske område, kalla utvalgsområda. Innanfor utvalgsområda trekte ein tilfeldig frå adresseregistera. Dette gav som resultat 2815 fullførte intervju. Desse er ansett for å vere representative for hushaldningane i landet. (Meir om dette i Rapport nr. 3.)

I matematisk statistikk er "representativt utvalg" eit udefinert begrep. Slik eg brukar ordet her vil det tyde noko i retning av at parametrar estimert på grunnlag av utvalget vil ha høg konfidenskoeffisient. I praksis vil dette seie at prosenttall utrekna for utvalget ligg nær dei tall vi ville få om vi rekna ut same talla for alle husstandane. Slik utvalget er gjort kan vi anta at dette held, i alle høve så lenge det ikkje er grunn til å tru at dei karakteristikkane vi undersøkjer er skeivt fordelt geografisk.

Ved ei geografisk oppdeling av materialet t.d. etter fylke, vil ikkje materialet lenger vere representativt i den tydinga eg nyttar.

Sjølv om vi er meir usikre på talla ved ei geografisk oppdeling vil vi likevel freiste oss på regionale samanlikningar ved å dele opp etter handelsfelt.

Under samlinga fekk Oslo spesialbehandling slik at matrialet frå Oslo utgjer eit representativt utval av hushaldningane i Oslo.

Tabell 1. Hushaldningar frå utvalet og frå landet totalt; fordelt etter urbaniseringsgrad av bostad. (Sjå pkt. 1.2 for def. av kategoriar.)

	Heile landet	Utvalget
Spredt	43	36
Småstad	8	18
Småby		
Storby	49	46
Større storby		
Sum %	100	100

Å gjennomføre ei eksakt utrekning av usikkerheta i matrialet vil kreve for mykje tid.<sup>1)</sup> Imidlertid, ei samanlikning av verdiar i utvalget mot tall frå den ofisielle statistikken, vil gi oss ei kjensle av kvar det er "minst representativt".

Tabell 1 viser grovt fordelinga av utvalget etter urbaniseringsgrad samanlikna med landstotalen. Småstadbuarane er klart overrepresenterte. Dette fell saman med at utvalget gjennomgåande har høgare inntekt og bedre utdanning enn landsgjennomsnittet.

1) Sjå ellers Rapport nr. 3.

Tabell 2. Inntektsfordelinga i totalbefolkninga og utvalget.

Årlig inntekt i hundre kroner	Landet <sup>1)</sup>	Utvalget <sup>2)</sup>
Ingen	6,2	2,1
0 - 19		0,6
20 - 39	2,0	1,6
40 - 79	11,5	12,4
80 - 119	14,8	10,2
120 - 159	15,6	12,1
160 - 199	16,6	14,7
200 - 299	24,2	30,1
300 - 499	5,7	11,7
500 +	1,5	4,5
Sum %	99,9	100,0

1) Data fra 1965 : NOS 1968

2) Data fra 1966, tatt frå likningsprotokollar i SSB.

Tabell 3. Utdanning i befolkninga over 15 år og hos hovedpersonane i utvalget.

Utdanning	Landet <sup>1)</sup>		Utvalget
	Totalt	Berre menn	
Folkeskole	72,2	71,5	46,0
Framhaldsskole	13,9	13,3	25,0
Realskole	9,0	8,9	21,0
Gymnas	4,9	6,3	8,0
Sum %	100,0	100,0	100,0

1) Data fra 1960, NOS 1968.

Den store skilnaden i utdanning kan venteleg delvis forklarast ved dei svært ulike aldersstrukturane hos hovedpersonane i utvalget og totalbefolkninga. Både dei yngste og aller eldste

årsklassane er sterkt underrepresentert i utvalget. Dei yngste har ennu ikkje avslutta realskolen og dei eldste hadde færre sjansar til å få utdanning. Dermed vil utvalget automatisk ha relativt fleire med realskole og gymnas enn totalbefolknингa. Det same vil gjelde for inntekt. Overrepresentasjonen av småstadbuarane er litt vanskelegare å forklare ("bortforklare"). Det er mogeleg at ulik tolking av definisjonane kan gi noko av skilnaden. Likevel synest eg desse tre tabellane saman med kunnskap om at sosio-økonomisk status (SES) er nært knytt til urbane miljø<sup>1)</sup>, gir ei antydning om at det kan vere ein viss overrepresentasjon av det ein kan kalle mellomklasse-hushaldningar i utvalget.

Matrialet viser at 58% av husstandene oppgir å ha fjernsyn, 42% bil. For landet totalt oppgir 58% å ha fjernsyn, 41% å ha bil<sup>2)</sup>.

Går ein ut frå at bil og TV er meir karakteristisk for mellomklassen enn for ulike lavstatusgrupper, må dette svekke ein påstand om at mellomklassen er overrepresentert.

Alt i alt kan ein vel da med ørlite varsemd nytte matrialet som representativt for det norske folks haldning til bostaden slik dette kjem til uttrykk i ønsket om bostadstype.

1.2. Hushaldninga som analyseeining. Dei to grunnleggande variablane: "Ønskt urbaniseringsgrad" og "Urbaniseringsgrad av bostad".

I den sammenhang eg nyttar desse data er hushaldninga neppe den rette analyseeininga. I dei fleste høve (når hushaldet hadde meir enn ein person) var det husmora som vart intervjua. Dermed er det husmora som svarar på det spørsmålet som eg her tar utgangspunkt i, nemlig:(Sitat fra Rapport nr.3, side 14 i spørreskj.)

1) F.L. Sweetser: Commune differentiation in Norway 1960.

2) Statistisk årbok 1968. Statistisk Sentralbyrå. Oslo 1968.

"Dersom De kunne velge fritt, hvor ville De helst bo?"

- 1 I spredtbygd strøk
- 2 I tettbygd strøk med 200 - 2.000 innb.
- 3 I " " 2.000 - 20.000 "
- 4 I " " 20.000 - 100.000 "
- 5 I " " over 100.000 innb.
- 9 Vet ikke

Desse kategoriene vil eg heretter kalle 1 Spreddt, 2 Småstad, 3 Småby, 4 Storby, 5 Større storby, og variabelen for "Urbaniseringssgrad av ønskt bostad". At det er husmora som svarar på dette skaper vanskar når eg vil relatere uttrykt bostadsønske til det ein kan kalle personlege variablar, slik som intervju-personens kjønn, alder, utdanning etc. Slike variablar finst det ein del av i matrialet, men dei refererer alle til den så-kalla hovedpersonen (pr. def. den som skaffar største delen av hushaldets inntekt). Når det gjeld alder er vel korrelasjonen mellom ektefeller så stor at det kan forsvarast å bruke hovedpersonens alder som variabel i analysen. Også for utdanning er korrelasjonen høg. I dette matrialet har berre 7,8% av hovedpersonane ein ektefelle der avviket mellom utdanninga deira er meir enn ein kategori. Eg ser dette som tilstrekkeleg for å nytte den her. Og variabelen "kjønn" vil altså vere umogeleg å kontrollere slik data foreligge her. Likevel er både kjønn og utdanning svært viktige <sup>1)</sup> i denne samanhengen.

For andre variablar er det imidlertid likegyldig kva eining dei er relatert til t.d. den andre hovedvariabelen eg nyttar: bostadens grad av urbanisering. (I denne variabelen er det nytta same definisjon av kategoriene som for variabelen ønsket grad av urbanisering).

---

1) Tor. Fr. Rasmussen: Byregioner i Norge side 161.

1.3. Tabelloppsetting og tolking.

Det vanlege oppsettet av ein tabell er å la prosentueringa gå kolonnevis, slik at kvar kolonne summerer seg opp til 100%.

Dette kjem eg ikkje til å gjere av to grunnar:

1. Når tabellane vert køyrt på A. Amundsens bibliotek kjem dei ut med rekkevis prosentuering (unntatt CRUNTAPE), og når ein har fleire uavhengige variablar finn eg det lettare å skrive teksten i ei kolonne til venstre.

2. I stokastiske matriser (t.d. overgangsmatriser i Markovkjeder) er det alltid rekka som summerer seg opp til 1. (hvis  $A = (a_{ij})$  er  $\sum_j a_{ij} = a_j = 1$ )

Når eg no stiller opp det eg vil kalle utgangstabellen min, dvs. når eg samanheld opplysninga om urbaniseringsgrad av noverande bostad og urbaniseringsgrad av ønsket bostad, fell det naturleg å betrakte dette som ei overgangsmatrice. Derved får tabellen forma.

Tabell 4 Hushaldningar fordelt etter urbaniseringsgrad av noverande og ønskt bostad.

Nover- ande bostad	Ønskt bostad							Sum %	N
	Spredt	Små- stad	Småby	Storby	Større storby	Veit ikkje			
Spredt	76,0	16,6	3,3	0,6	0,8	3,3	100,0	1006	
Småstad	46,9	40,4	9,1	1,6	0,2	1,8	100,0	507	
Småby	28,3	49,6	18,7	0,4	1,4	1,6	100,0	502	
Storby <sup>1)</sup>	26,0	20,9	21,4	12,8	15,5	3,5	100,0	800	
All	48,1	27,8	12,2	4,2	5,0	2,8	100,1	2815	

1) Inkluderer også større storby.

Når eg skal tolke denne tabellen tar eg utgangspunkt i hoved-diagonalen, dvs. eg ser kor mange som vel samme urbaniseringsgrad. Dette samanliknar eg med dei som vel høgare og dei som vel lavare urbaniseringsgrad. I fylgje denne tabellen vel folk anten samme bostadstype som den dei no har, eller dei vel seg ein litt mindre urbanisert.

Problemet vidare vert å finne ut om det uttrykte ønsket om bostad varierer systematisk saman med andre viktige karakteristika.

Metoden eg nyttar til dette, er enkel. Eg tar utgangspunkt i den nett refererte tabellen og fører inn ein tredje variabel som eg kallar kontrollvariabelen. Eg påstår at kontrollvariabelen viser samvariasjon med bostadsvalget dersom det er tydeleg at kontrollvariabelen innanfor kvar kategori av variabelen neverande bostad kan skille mellom dei som vel samme stadstype og dei som ikkje gjer det.

Av dei tilgjengelege opplysningane plukka eg ut dei eg trudde kunne ha samanheng med bostadsvalget. Dei kan lauseleg grupperast i to grupper: bostadskontekuelle variablar og sosio-økonomiske variablar.

Men før vi startar etterrøkjinga bør vi sjå kva andre har skrive om spørsmålet vi er interessert i.

#### 1.4. Litteratur som omhandlar samme spørsmålet.

I fleire undersøkelsar gjort ved NIBR er det lagt inn spørsmål likelydande med det vi har referert i 1.2. Det gjeld "Høgebostad - en sosiologisk analyse" av Harald Arnljot og "Fritid - en sosiologisk undersøkelse av fritidsaktiviteter i Klepp og Stavanger" av Bjørn Tagseth som er ferdige, og det gjeld "Trafikkundersøkelsen i Vestfold og Rogaland" som enno er på analysesstadiet.

Dei to første har begge relativt små utvalg, og ein må vente store avvik frå eit landsgjennomsnitt anten ein no antar dette representert ved vårt matriale eller ikkje. Trafikkundersøkelsen derimot har eit relativt stort utvalg og sidan intervjuet er gjort innan eit sterkt avgrensa område skulle det gi ein nyttig sjekk på matrialet vårt.

Utan å kunne samanliknast direkte handsamar også "Aurskog-hølendinger i Oslo" av Arne S. Dolven og "Byregioner i Norge" av Tor Fr. Rasmussen noko av den samme problematikken.

#### 1.4.1. Trafikkundersøkelsen i Vestfold og Rogaland.

Denne undersøkelsen er enno på analysestadiet. Det har derfor berre vore mogeleg å få ein tabell analog til tabell 4. Ei samanlikning mellom dei to tabellane vil imidlertid gi oss ein nyttig konsistenssjekk. Om begge utvalga er rekna representative for sine område skulle vi ikkje vente store avvik frå kvarandre.

Kanskje vil Rogaland og Vestfold vere meir prega av småbyar enn resten av landet. I så fall må vi vente at fleire vil velge småbyen her enn i resten av landet.

Tabell 5. Intervjupersonar i trafikkundersøkelsen i Vestfold og Rogaland fordelt etter urbaniseringsgrad av noverande og ønskt bostad.

Nover- ande bostad	Ønskt bostad							N
	Spredt	Små- stad	Småby	Storby	Veit ikkje svart	Sum %		
Spredt	61,9	26,2	6,4	2,9	1,3	1,3	100,0	599
Småstad	38,6	48,0	8,0	4,0	1,1	0,3	100,0	352
Småby	19,5	26,9	43,7	7,5	1,8	0,3	100,0	795
Storby								0
Ikkje svart					(100,0)	100,0		5
Alle	37,8	30,8	23,6	3,1	2,1	1,1	100,0	1751

Samanlikna med tabell 4 er det berre ein skilnad som fell i augo: småbybuarane. Vi har alt nemnt ein grunn til at her skulle vere forskjell. Skilnaden er likevel så stor at ein må undrast om ikkje prosenten småbybuarar som vil velje småby også for vårt matriale "eigentleg" skulle vore større.

Ellers viser denne tabellen samme mønster som tabell 4: majoriteten ønskjer anten samme stadstype eller eitt steg nedover urbaniseringsstigen.

#### 1.4.2. Hægebostad, Klepp og Stavanger.

For vårt formål har desse to undersøkelsane så mykje til felles at vi vil omtale dei samla. På spørsmålet om kva type bostad dei ville ha om dei skulle flytte, var svara:

Tabell 6. Intervjupersonar fordelt etter ønskt urbaniseringsgrad av bostad.

Ønskt urbaniseringsgrad av bostad	Hægebostad	Klepp	Stavanger
Spredt	46	51	21
Småstad	25	33	7
Småby	20	13	18
Storby	7	3	54
Ikkje svart	2		
Sum %	100	100	100
N	137	204	179

Både Hægebostad og Klepp er spredtbygde kommuner ifølge vår definisjon. Forskjellane dei imellom er imidlertid markerte. Hægebostad er ei typisk utkantkommune med stor utflytting og stagnasjon i næringsgrunnlaget. Klepp er ei rik jordbrukskommune med både industri og jordbruk i ekspansjon samt storbyen Stavanger i rimeleg avstand. Likevel er forskjellen mellom Hægebostad og Klepp mindre enn forskjellen mellom kvar av dei og det som er kalla spredtbuarar i vårt matriale.

Ei rimeleg forklaring på dette kunne vere at ein relativt stor del av dei som vel småstad og småby frå Klepp er slike som har arbeidsstaden sin i Bryne eller Sandnes og gjennom det er knytt til stader med høgare urbaniseringsgrad.

Det som burde overraske ved Hægebostad er vel kanskje at ikkje fleire vil flytte. Her viser det seg imidlertid at yngre er meir innstilt på å flytte enn eldre. Av eit spesielt ungdomsutvalg ville heile 72% velje bustad med høgare urbaniseringsgrad enn spredt<sup>1)</sup>. Likeeins finn ein at dei med erfaring frå urbane bu-stader (f.e. ved å ha hatt arbeid i by i ungdommen) er meir tilbøyelag til å flytte bort frå spredtbygd<sup>2)</sup>.

Både i Klepp og Stavanger fann ein tilsvarande at dei med erfaring frå andre miljø enn der ein no bur er meir tilbøyelag til å skifte bustad enn dei utan slik erfaring.<sup>3)</sup>

Dette er generelle tendensar som ein må vente å finne også i vårt matriale. Tagseth freista å finne kva som var dei viktigaste kvalitetane ved den nye bustaden. God nabokontakt og kort reise til arbeidet (< $\frac{1}{2}$  time) var det dei fleste fann nødvendig. (I ein svensk undersøkelse referert av Tagseth (BD80: Lensutredningen for Norrbottens län; Luleå 1968) svara skulelevar, vernepliktige og folk under omskolering at det viktigaste ved bustaden måtte vere å kunne skifte arbeid utan å skifte bustad.)

Tagseth kunne imidlertid ikkje finne samanheng mellom bustadsvalet og det han kallar lokaliseringspreferansar for sentrumsfunksjonar (d.e. max avstand til ulike funksjonar).

---

1) Tabell 52 i H. Arnljot.

2) Tabell 53 i H. Arnljot.

3) Tabell 127 i B. Tagseth.

#### 1.4.3. Slutning.

Dette gir alt i alt ikkje mykje grunnlag for å stille opp spesifikke hypoteser om samanheng mellom bakgrunnsvariablar, bostad og "ideal-bostad". Formålet blir derfor først og fremst å utforske: finst det nokon slik samanheng? Eg vonar at tabellane eg viser kan dokumentere at svaret er ja.

## II ANALYSE

### 2.1. Innleiing

Ifølge tidlegare undersøkelsar bør ein vente å finne at yngre heller vil bo i by enn eldre og at dei som har erfaring frå ulike miljø oftere vil vere villig til å skifte bostad enn dei utan tilsvarande erfaring.

Eg vil som innleiing til utforskinga av matrialet sjå om dette heldt seg opp att.

Tabell 7 viser ikkje eintydig at yngre vil velge by oftere enn eldre. Det er rett for dei som i dag bor spredt eller på småstad, ikkje for dei som bor i småby og storby. Når det gjeld storby bør vi merke oss at aldersgruppa 26 - 45 år synest å vere den som er mest tilbøyelag til å ønske seg vekk frå storbyen, mens det er dei eldste som er mest stabile, ikkje dei yngste som ein kanskje skulle tru.

I tabell 8 har eg slått saman kategoriane spredt og småstad under namnet "land" mens eg har kalla småby og storby for "by". Det er tydeleg at erfaring frå ulike miljø gjer det lettare å velge ein annan bustadstype enn den ein no har. Vi kan altså ikkje avkrefte denne hypotesa. Derimot vil eg tru at hypotesa om at yngre heller vil bo i by enn eldre, må modifiserast ein del.

I den vidare analysen er det ikkje meinings å teste hypoteser. Det blir i stor utstrekning å sjå på som ei leiting etter variabler som viser samanheng med bostadsvælgelsen.

Tabell 7. Hushaldningar fordelt etter urbaniseringsgrad av noverande bostad, hovedpersonens alder og urbaniseringsgrad av ønskt bostad.

Noverande Hoved- bostad	Hoved- pers. alder	Ønskt bostad						Sum %	N
		Spredt	Småstad	Småby	Storby	Veit ikkje			
Spredt	-25	(61,1)	(16,7)	(11,1)		(11,1)	(100,0)	18	
	26-45	75,5	15,7	4,5	1,5	2,7	99,9	331	
	46-65	76,3	16,4	2,9	1,7	2,7	100,0	414	
	66+	77,4	15,6	1,6	0,8	4,5	99,9	243	
Småstad	-25	(57,1)	(14,3)	(21,4)	(7,1)		(99,9)	14	
	26-45	41,0	42,2	13,3	1,8	1,8	100,1	166	
	46-65	48,4	38,5	8,1	2,3	2,7	100,0	221	
	66+	51,9	45,3	2,8			100,0	106	
Småby	-25	21,2	48,5	30,4			100,0	33	
	26-45	32,9	43,4	20,8	2,4	0,6	100,1	173	
	46-65	30,0	52,0	14,0	1,5	2,5	100,0	200	
	66+	21,9	57,3	16,7	2,1	2,1	100,1	96	
Storby	-25	43,5	10,7	15,4	30,4		100,0	46	
	26-45	27,5	21,3	28,7	20,1	2,5	100,1	244	
	46-65	28,1	21,9	18,3	27,5	4,1	99,9	338	
	66+	15,1	20,9	18,6	40,7	4,7	100,0	172	
Sum		48,2	27,8	12,1	9,2	2,8	100,1	2815	

Tabell 8. Hushaldningar fordelt etter urbaniseringsgrad av noverande bostad, erfaring frå oppvekst og ønskt bostad.

Nover- ande bostad	Erfar- ing frå oppvekst	Ønskt bostad						Sum .N
		Spredt	Småstad	Småby	Storby	Veit ikkje	%	
Spredt	Land	76,5	15,9	3,1	1,0	3,3	99,8	975
	By	54,9	19,3	9,7	12,9	3,1	99,9	31
Småstad	Land	48,4	40,2	8,1	1,5	1,9	100,1	458
	By	34,8	42,9	18,2	4,1		100,0	49
Småby	Land	28,6	53,5	15,0	0,8	2,1	100,0	373
	By	29,5	39,5	26,4	4,6		100,0	129
Storby	Land	29,0	26,5	22,0	19,5	3,0	100,0	467
	By	22,0	12,9	20,4	40,5	4,2	100,0	333
Sum		48,2	27,8	12,1	9,2	2,8	100,1	2815

## 2.2. Bostadskontekstuelle kontrollvariabler.

I dette avsnittet skal vi undersøke om haldninga til bostaden varierer med landsdel, nablagstype og reisetid til arbeidsplassen.

Ser vi først på tabell 9 der landsdelene er representert ved handelsfelt, finn vi at skilnadene mellom landsdelene synest vere små med to unntak: vestre og midtre handelsfelt skil seg ut i kategoriene småby og storby. Når det gjeld midtre handelsfelt er det tydeleg ein viss komplementaritet mellom det at svært få av både små- og storbybuarane vel småby mens uvanleg mange storbybuarar vel storby.

Det kan sjå ut som folk her systematisk vurderer svarskalaen på spørsmålet om ønskt bostad på ein annan måte enn folk i dei andre handelsfelta. Det ein vurderer ut frå, må naturleg nok vere det ein veit om noverande bostad. Den relativt sterke stoda som storbyen Trondheim har og den noko svake posisjonen til småbymiljøa kan truleg gi noko av forklaringa.

Når det gjeld reisetid til arbeidsplassen er det naturleg nok dei som har spesielt lang reisetid som interesserer mest. Det skulle i og for seg ikkje vere grunn til å vente at dette skulle vise nokon samanheng med valg av bostadsstorleik. Derimot skulle ein kanskje vente at dei som har ekstra lang reise, vil vere meir tilbøyelige til å flytte enn andre uansett start og endepunkt. Tabell 10 viser at dette ikkje er tilfelle anna enn for dei som bur spredt.

#### 0.4 Sør-Norge

Standard for handelsområder pr. 1/1 1967

Målestokk 1:3 mill.


0 30 60 90 120 150 km

Kartet er spesielt utarbeidet for Norske Markedsdata

— Handelsfelt

17 — Handelsområde

174 — Handelsdistrikt



#### 0.4 Nord-Norge


Standard for handelsområder pr. 1/1 1967

Målestokk 1:3 mill.

0 30 60 90 120 150 km

Kartet er spesielt utarbeidet for Norske Markedsdata

- Handelsfelt
- 17 — Handelsområde
- 174 — Handelsdistrikt



Tabell 9. Hushaldningar fordelt etter urbaniseringsgrad av  
noverande bostad, handelsfelt og urbaniseringsgrad av ønskt bo-  
stad.

Nover- ande bostad	Handels- felt	Ønskt bostad					Sum %	Sum N
		Spredt	Småstad	Småby	Storby	Veit ikkje		
Spredt	Oslo <sup>1)</sup>	68,5	19,2	5,5	4,1	2,7	100,0	73
	Østre	70,0	20,6	5,3	1,2	2,8	99,9	247
	Vestre	81,9	11,7	1,7	1,7	3,1	100,1	360
	Midtre	78,1	13,8	0,6	0,6	6,9	100,0	160
	Nordre	73,5	19,3	5,4	0,6	1,2	100,0	166
Småstad	Oslo <sup>1)</sup>	56,4	23,1	17,9	2,6		100,0	39
	Østre	43,4	44,3	10,4	0,5	1,4	100,0	221
	Vestre	37,6	47,9	9,4	2,6	2,6	100,1	117
	Midtre	63,8	29,8	3,2	2,2	1,1	100,1	94
	Nordre	44,4	38,9	5,6	5,6	5,6	100,1	36
Småby	Oslo	36,5	55,8		3,8	3,8	99,9	52
	Østre	34,3	39,2	24,7	0,6	1,2	100,0	166
	Vestre	32,9	46,1	17,8	2,6	0,7	100,1	152
	Midtre	16,5	75,3	5,9		2,4	100,1	85
	Nordre	10,6	46,8	36,2	4,2	2,1	99,9	47
Storby	Oslo	26,2	13,1	19,4	35,8	5,4	99,9	127
	Østre	21,4	36,6	19,8	19,9	2,3	100,0	131
	Vestre	31,2	27,6	33,5	7,1	0,6	100,0	170
	Midtre	20,8	22,2	6,9	48,7	1,4	100,0	72
	Nordre							0
Sum		48,2	27,8	12,1	9,2	2,8	100,1	2815

1) Omfattar meir enn Oslo by.

Tabell 10. Hushaldningar fordelt etter urbaniseringsgrad av noverande bostad, reisetid til arbeidsplass og urbaniseringsgrad av ønskt bostad.

Nover- ande bostad	Reisetid til arbeidsstad	Ønskt bostad					Sum %	Sum N
		Spredt	Småstad	Småby	Storby	Veit ikkje		
Spredt	Ikkje oppgitt	78,4	16,2	2,7		2,7	100,0	37
	Ikkje yrkesaktiv	77,5	15,5	1,6	0,5	4,8	99,9	187
	Arbeider på staden	80,0	12,9	2,3	0,6	4,2	100,0	310
	Borteboer arb. art	59,3	35,2		1,9	3,7	100,1	54
	Andre grunnar ikkje arb. reise	(75,0)	(25,0)			(100,0)		8
	Reisetid							
0 - 30 min.	0 - 30 min.	76,4	16,7	3,5	1,9	1,6	100,1	318
	31 - 45 "	77,8	7,4	7,4	3,7	3,7	100,0	27
	Meir enn 45 min. og dei som bor borte p.g.a. for lang reise	63,1	15,4	13,8	4,6	3,1	100,0	65
Småstad	Ikkje oppgitt	(53,8)	(46,2)			(100,0)		13
	Ikkje yrkesaktiv	52,8	39,3	5,6	1,1	1,1	99,9	89
	Arbeider på staden	59,8	31,0	5,7	1,1	2,3	99,9	87
	Borteboer arb. art	36,7	43,3	16,7	3,3		100,0	30
	Andre grunnar ikkje arb. reise	(40,0)	(60,0)			(100,0)		5
	Reisetid							
0 - 30 min.	0 - 30 min.	39,8	44,5	11,0	2,5	2,1	99,9	236
	31 - 45 "	(68,2)	(13,6)	(13,6)		(4,5)	(99,9)	22
	Meir enn 45 min. og dei som bor borte p.g.a. lang reise	40,0	52,0	8,0			100,0	25

Fortsettelse neste side:

Tabell 10. fortsatt.

Nover- ande bostad	Reisetid til arbeidsstad	Ønskt bostad					Sum %	Sum N
		Spredt	Småstad	Småby	Storby	Veit ikkje		
Småby	Ikkje oppgitt	(25,0)	(66,7)	( 8,3)		(100,0)	12	
	Ikkje yrkesaktiv	22,1	54,7	18,6	1,2	3,5	100,0	26
	Arbeider på staden	22,2	44,4	33,3			99,9	27
	Borteboer arb. art	30,0	53,3	16,7			100,0	30
	Andre grunner ikkje arb. reise	(25,0)	(75,0)				(100,0)	4
	Reisetid							
	0-30 min.	31,7	47,6	17,1	2,2	1,3	99,9	315
	31-45 "	(23,1)	(61,5)	( 7,7)		( 7,7)	(100,0)	13
	Meir enn 45 min. og dei som bor borte p.g.a. for lang reise	(26,7)	(40,0)	(33,3)			(100,0)	15
Storby	Ikkje oppgitt	41,2	20,6	20,6	14,7	2,9	100,0	34
	Ikkje yrkesaktiv	18,5	17,4	19,1	41,6	3,4	100,0	178
	Arbeider på staden	(21,1)	(21,1)	(15,8)	(26,3)	(15,8)	(100,1)	19
	Borteboer arb. art	(18,8)	(43,8)	(12,5)	(25,1)		(100,2)	16
	Andre grunner til ikkje arb. reise			(50,0)	(50,0)		(100,0)	4
	Reisetid							
	0-30 min.	26,9	22,3	21,5	26,2	3,0	99,9	461
	31-45 "	35,7	19,6	26,8	14,3	3,6	100,0	56
	Meir enn 45 min. og dei som bor borte p.g.a. for lang reise	31,3	12,5	28,1	21,9	6,2	100,0	32
Sum		48,2	27,8	12,1	9,2	2,8	100,1	2815

Intervjuaren noterte for kvar hushaldning ned det som vart kalla dominerande hustype i nabologet i kategoriane: einsleg hus, spredte småhus og gardar, tett småhusbygnad med hagar, blokkbygnad, blanding av blokk- og småhusbygnad, kvartalsbygnad, og andre bygnadstyper.

Innfører ein denne som kontrollvariabel viser det seg at det går eit klart skille mellom dei to første kategoriane og resten. Det er då naturleg å slå saman desse til ein kategori og kalle den for spredtbygde nabolog, mens resten blir kalla tettbygde nabolog.

Ser vi no på tabell 11 skil dette uvanleg godt mellom dei som ønsker seg same bostadstype og dei som vil ha samme, best for dei som no bur spredt og på småstad. Dette indikerer at det nære nabologet er ein viktig faktor i valget av bostad og at det kanskje foregår ei viss samanblanding av nabolog og bostad når ein svarar på spørsmålet. Til dømes ved at dei som bor i husklynger i spredtbygde strøk tenkjer seg dette som småstad og vel bustadstype etter det. Det ville vere litt interessant å sett korleis svara var om det var blitt spurta etter nabologstype også.

Tabell 11. Hushaldningar fordelt etter urbaniseringsgrad av noverande bostad, nabologets bygningsmessige karakter og urbaniseringsgrad av ønskt bostad.

Noverande bostad	Nabo laget	Ønskt bostad					Veit ikkje	Sum %	Sum N
		Spredt	Småstad	Småby	Storby				
Spredt	Spredtbygd	79,3	13,4	2,4	1,6	3,3	100,0	910	
	Tettbygd	44,8	40,6	11,5		3,1	100,0	96	
Småstad	Spredtbygd	70,0	18,7	8,1	1,5	1,8	100,1	273	
	Tettbygd	20,1	65,8	10,3	2,1	1,7	100,0	234	
Småby	Spredtbygd	44,2	41,9	4,7	4,7	4,7	100,2	43	
	Tettbygd	27,5	50,5	19,2	1,5	1,3	100,0	459	
Storby	Spredtbygd	(68,8)		(12,5)	(12,5)	(6,3)	(100,1)	16	
	Tettbygd	25,1	21,3	21,6	28,6	3,4	100,0	784	
Sum		48,2	27,8	12,1	4,2	5,0	100,1	2815	

Tabell 12. Hushaldningar som bor spredt og på småstad i spredtbygde nabolag fordelt etter urbaniseringsgrad av noverande bostad, intervjupersonens oppvekststad og urbaniseringsgrad av ønskt bostad.

Nover- ande bostad	Oppvekst	Ønskt bostad						Sum N
		Spredt	Småstad	Småby	Storby	Veit ikkje	%	
Spredt	Spredt	80,6	13,3	1,9	1,1	3,0	99,9	832
	Småstad	63,6	18,2	9,1	1,8	7,3	100,0	55
	Småby	(60,0)	(10,0)	(10,0)	(10,0)	(10,0)	(100,0)	10
	Storby	(76,9)			(23,1)		(100,0)	13
Småstad	Spredt	76,6	14,8	5,2	1,5	1,9	100,1	210
	Småstad	42,2	37,8	17,8		2,2	100,0	45
	Småby	(50,0)	(16,7)	(25,0)	( 8,3)		(100,0)	12
	Storby	(83,3)	(16,7)				(100,0)	6
Sum		77,2	14,6	3,7	1,5	3,0	100,0	1183

Vi har alt notert at tidlegare erfaring er ein variable som skil godt mellom dei som vel same stadstype og dei som ønskjer ein annan. I tabell 12 og 13 ser vi at når ein fjernar verknaden av nabolagstypen er tidlegare erfaring fortsatt svært viktig.

Dei som no bur på same stadstype som i oppveksten er alltid mest tilbøyelag til å velge denne også for framtida.

Tabell 13. Hushaldningar som bor i småby eller storby i tettbygde nabolag fordelt etter urbaniseringsgrad av noverande bostad. Intervjupersonens oppvekststad og urbaniseringsgrad av ønskt bostad.

Nover- ande bostad	Oppvekst	Ønskt bostad						Sum N
		Spredt	Småstad	Småby	Storby	Veit ikkje	%	
Småby	Spredt	29,5	52,1	15,3	0,5	2,6	100,0	190
	Småstad	25,0	56,8	16,9	0,7	0,7	100,1	148
	Småby	28,9	36,7	31,1			100,0	90
	Storby	22,6	51,6	19,4			100,1	31
Storby	Spredt	31,9	19,3	23,9	22,9	2,0	100,0	301
	Småstad	18,8	42,9	19,5	13,6	5,2	100,0	154
	Småby	25,7	17,1	25,7	28,3	3,3	100,1	152
	Storby	18,6	9,6	15,8	51,4	4,5	99,9	177
Sum		26,0	32,1	20,7	18,6	2,7	100,1	1243

### 2.3. Sosio-økonomiske kontrollvariabler.

